



Arkivnr: 2014/14792-4

Saksbehandlar: Guro Klyve

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		03.12.2015

Sal av leiligheit i Daniel Hansens gate 9 – gnr. 164 bnr. 1287 snr. 30 i Bergen

Samandrag

Hordaland fylkeskommune er eigar av ein bustadseksjon i Sameiet Pianofabrikken i Daniel Hansensgate 9; gnr. 164, bnr. 1287, snr. 30 i Bergen.

Leiligheita vart kjøpt i 2011 til bruk for den dåverande fylkesvaraordføraren, som var frå Ulvik.

Då det ikkje lenger er behov for fylkeskommunen å ha leiligheita, rår fylkesrådmannen til at den vert selt.

Ein rår til at fylkesrådmannen får fullmakt til å akseptere bod som er høgare enn 90 % av prisønske. Prisønske er i samsvar med verdi- og lånetakst, som er kr 3 mill.

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet godkjenner sal av leiligheit i Daniel Hansens gate 9 i Bergen.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å akseptere bod høgare enn 90 % av prisønske som er kr 3 mill.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Jostein Fjærestad
eigedomsdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Verdi- og lånetakst

Fylkesrådmannen, 12.11.2015

Hordaland fylkeskommune er eigar av ein bustadseksjon i Sameiet Pianofabrikken i Daniel Hansens gate 9; gnr. 164, bnr. 1287, snr. 30 i Bergen.

Leilegheita vart kjøpt i 2011 til bruk for den dåverande fylkesvaraordføraren, som var frå Ulvik. Kjøpesummen var kr 2.390.000.

Bustadseksjonen ligg i 5. etg. i bygget i Daniel Hansens gate 9 og inneheld entré, kjøken, stove, bad og soverom. Bruksarealet er på 62 kvm.

Då det ikkje lenger er behov for fylkeskommunen å ha leilegheita, rår fylkesrådmannen til at den vert selt.

Det er innhenta ein verdi- og lånetakst frå Takstkontoret BJ AS datert 02.11.2015, og marknadsverdien er vurdert til kr 3 mill.

Fylkeskommunen har rammeavtale med Fana Sparebank Eiendom AS om eigedomsmeklartenester knytt til gjennomføring av eigedomssal. Dei vil utarbeide salsprospekt, annonsere salet, gjennomføre bodrundar og stå for det økonomiske oppgjeret.

For å avslutte ein bodrunde må seljar kunne godta det høgaste bodet. Dersom ein må vente på ei politisk handsaming av bodet, vil det ta tid og ein risikerar at bodgjevar ikkje vil la bodet sitt stå ved lag så lenge.

Ein rår difor til at fylkesrådmannen får fullmakt til å akseptere bod som er høgare enn 90 % av prisønske. Prisønske i denne saka vil vere kr 3 mill.